



# VESTRE SLIDRE

## Kommuneplan - 2020 -2028 - Føresegner og retningslinjer





# Kommuneplanens arealdel - 2020-2028 -

## FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL KOMMUNEPLANEN

Vedteke lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn av Formannskapet i møte den 05.09.2019 (sak FS-56/19) og 31.01.2020 (sak FS-05/20), med heimel i lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, kapittel 11.

Logg for versjonar:

- 05.09.2019 (sak: FS-56/19)
- 31.01.2020 (sak FS-05/20)



## Innhald – Føresegner og retningslinjer

### DEL 1: Generelle føresegner

Rettsverknader .....	5
Jordlova .....	5
1. Generelt.....	5
1.1 Gjeldande planar (pbl § 1-5).....	5
1.2 Utbyggingsavtala,( pbl § 11-9 nr. 2) .....	5
1.3 Rekkjefylgjekrav for teknisk og sosial infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 4) .....	6
1.4 Funksjonsklassar, avkjørslar og byggjegrænse langs offentleg veg (pbl § 11-10 nr. 4) .....	6
1.5 Byggje- og anleggstiltak mot vassdrag (pbl § og 11-11 nr. 5).....	7
1.6 Universell utforming og krav til tilgjenge (pbl § 11-9 nr. 5) .....	7
1.7 Leike-, ute- og opphaldsareal (pbl § 11-9 nr.5) .....	7
1.8 Tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett (pbl § 11-9 nr. 3 og 18-1).....	7
1.9 Støysoner.....	7
1.10 Omsyn til eksisterande bygningar, kulturminner og kulturmiljø .....	7
1.11 Kulturminner .....	8
2. Bygningar og anlegg (pbl §§ 11-9 og 11-10).....	8
2.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1).....	8
2.2 Utbyggingsvolum og estetikk (pbl §§ 11-9 nr. 5 og 6).....	8
3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §§ 11-9 og 11-10) .....	12
3.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1).....	12
4. Landbruks- natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR) (pbl § 11-11).....	13
4.1 Kantsoner langs vassdrag .....	13
4.2 Landbruksbygg .....	13
4.3 Nye bustader i LNFR-område .....	13
4.4 Eksisterande byggeområde (bustad og fritidsbustad) som ikkje er definert som byggeområde, men ligg i LNFR-område: .....	14
4.5 Naust/brygge tilknytta gardsbruk .....	14
I 30 meters beltet langs Slidrefjorden, Ferisfjorden, Strondafjorden samt Beito-Øyangen kan det førast opp naust/brygge utan dispensasjon med følgjande vilkår:.....	14
- Naust skal vere tilknytta gardsbruk med eigen strandline og fiskerett. Det kan oppførast kun eit naust per driftseining. ....	14
- Naust kan byggjes med inntil 3,5 meters høgyde over gjennomsnittlig planert terreng, og inntil 25 m <sup>2</sup> BYA. ....	14
- Bygg skal vere uisolert, der vindauge vert avgrensa til eit minimum. Bygget skal flaumsikrast, slik at det tåler eventuell flaum utan skade.....	14



- Det er ikkje tillate å føre opp pipe/ildsted i naustet.....	14
- Byggverk/brygge skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne, råke viktige område for naturmangfald eller negativt påverke moglegheit for friluftsliv/allmenn ferdsle langs vassdrag. - Kulturminne-styresmaktene og miljøvern-styresmaktene skal varslast ved vanleg nabovarsel.....	14
- Det kan førast opp inntil 15 naust i denne planperioden som arealdelen gjeld for.....	14
4.6 Landbrukstilnytta næring.....	14
4.7 Punkt feste i Vestre Slidre statsallmenning.....	14
5. Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §§ 11-9 og 11-11).....	14
5.1. Miljøkvalitet i vassdrag.....	14
5.2 Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag.....	15
5.3 Forbod mot og vilkår for tiltak i strandsone.....	15
5.4 Verna vassdrag.....	15
6. Forhold som skal bli avklara i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8).....	15
6.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).....	15
6.2 Flaum og skred.....	15
6.3 Overvatn.....	16
6.4 Grunnforureining.....	16
6.5 Potensielle drikkevasskjelder.....	16
6.6 Naturmangfald.....	16
6.7 Andre krav.....	16
7. Omsyns- og bandleggingsoner (pbl § 11-8).....	16
7.1 Sikring-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a).....	16
7.2 Soner med særlege omsyn (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c).....	17
7.3 Soner for bandlegging (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d).....	18
7.4 Sone der gjeldande reguleringsplaner framleis skal gjelde (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav f)	19
I. Etablering av nye eigedomar til bustad og bygging av bustad på eksisterande bustadtomter i ubygde LNFR-område.....	22
II. Etablering av nye eigedommar til fritidsbustad gjennom dispensasjon.....	22
III. Forskyving av byggeområde for fritidsbustad gjennom dispensasjon.....	22
IV. Oppdeling av gardsbruk.....	22
V. Dispensasjonar i omsynsområde med særleg verdifullt kulturlandskap – stølsområder.....	22
VI. Vassdragsnære områder.....	22
VII. Nye vegar og parkeringsplassar.....	23
VIII. Mindre tiltak på vegnettet.....	23



# DEL 1: Generelle føresegner

---

## Rettsverknader

Kommuneplanen sin arealdel med plankart, føresegner og retningslinjer er rettsleg bindande (jf. lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl), av 27.6.2008 nr. 71, § 11-6), med unnatak av dei område der eldre reguleringsplaner framleis skal gjelde, jf. pbl § 11-8 f). Desse områda er synte som omsynssoner på plankartet. Kommuneplanen sin arealdel gjev ikkje heimel til ekspropriasjon.

Private som ynskjer å utarbeide reguleringsplan skal kontakte kommunen før reguleringsarbeidet startar opp. Nye reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken gjeld framfor kommuneplanen, jf. pbl § 1-5, 2.ledd.

## Jordlova

Jordlova §§ 9 og 12 gjeld for nye utbyggingsområde inntil det føreligg vedteken reguleringsplan, jf. jordlova § 2 andre ledd.

## 1. Generelt

Føresegnene under punkt 1 gjeld uavhengig av arealformål. Føresegnene er knytt til plankart (datert 01.03.2020). Retningslinjer og merknader er skrivne i kursiv.

### 1.1 Gjeldande planar (pbl § 1-5)

Vedtekne kommunedelplanar skal framleis gjelde:

- Kommunedelplan for E-16 Fagernes - Hande (20.02.2014, sak KS-2/14) (med unnatak av tunnell, som vises som omsynsområde)

### 1.2 Utbyggingsavtale, (pbl § 11-9 nr. 2)

I byggeområde vist på plankartet vil utbyggingsavtale vera ein føresetnad for utbygging, jf. vedtak i kommunestyret (KS-02/07) og pbl § 17-2. Kommunestyret sitt vedtak utfyller desse føresegnene.

Kommunen kan inngå utbyggingsavtale med grunneigarar og/eller utbyggerar av større utbyggingstiltak også etter vedteken plan. Utarbeiding av utbyggingsavtale vil då fylgje eit sjølvstendig løp.

Utbyggingsavtalane skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning og avlaup.

Ei utbyggingsavtale mellom grunneigarar og/eller utbyggerar og kommunen skal avklare ansvarsfordeling for utbygging av desse tiltaka:

- Teknisk og grøn infrastruktur (t.d. felles avkøyring, vatn og avlaup, parkering/skiløyper, turveg/sti).
- Spesielle tiltak som er nødvendig for gjennomføring av planvedtak.
- Rutinar for gjennomføring av utbygging.
- Ansvarsfordeling under bygging og framtidig drift.

Opparbeidingsplikt for veg, vatn- og avlaupsanlegg (jf. pbl § 18-1) gjeld fullt ut.

*Behandlinga skal så langt det er tenleg vere parallell med reguleringsarbeidet. Varsel om oppstart av arbeid med utbyggingsavtale vert gjort samtidig eller kort tid etter varsel om oppstart av*



reguleringsplanarbeid. Utkast til utbyggingsavtale vert lagt ut til offentlig ettersyn samtidig med ettersyn av reguleringsplan. Utbyggingsavtalen vert behandla av kommunestyret straks etter reguleringsplanen er vedteken. Kunngjering av utbyggingsavtale vert gjort samtidig med kunngjering av planvedtak.

### 1.3 Rekkjefylgjekrav for teknisk og sosial infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 4)

Utbygging i område avsett til framtidig byggje- og kan ikkje finne stad før fylgjande tekniske anlegg er etablert:

- Trafikksikker tilkomstveg.
- Løyve til avkøyring.
- Vatn og avlaup.
- Elektrisitetsforsyning og renovasjon.

### 1.4 Funksjonsklassar, avkjørslar og byggjegrænse langs offentlig veg (pbl § 11-10 nr. 4)

Fylkesvegnettet er delt inn i funksjons- og haldningsklassar (sjå tabell 1). Vegmyndigheitenes kriterier for dei forskjellige funksjonsklassane ligg til grunn ved søknad om byggjetiltak i nærleik av veg og/eller ny eller utvida bruk av eksisterande avkjørsel. Veglova set i § 29 ei generell byggjegrænse knytt til den enkelte funksjonsklassa; denne gjeld der det ikkje føreligg godkjende reguleringsplanar som bestemmer andre byggjegrænser. Byggeområde i planen er tilpassa krav til byggegrænser og samordna med dei ulike funksjonsklassar.

**Tabell 1:** Funksjons-, haldnings- og byggjeklassar til fylkesvegar i Vestre Slidre.

Funksjonsklasse	Vegar i Vestre Slidre	Haldningsklasse	Byggjeklasse
<b>A – Nasjonal hovudveg</b>	E16	I - Svært streng haldning	50 m
<b>B – Regional hovudveg</b>		II - Streng haldning	50 m
<b>C – Lokal hovudveg</b>	Fv 2476 Fosheimvegen Fv 2476 Vestsidevegen, Einangsundet Fv 2484 Rønsvegen Fv 2484 Slidrevegen Fv 2488 Plassavegen Fv 2490 Plassavegen Fv 2510 Ellestadvegen Fv 2508 Eggeåsvegen, Dalsvegen	II - Streng haldning	30 m
<b>D – Lokal hovudveg</b>		III - Mindre streng haldning	20 m
<b>E – Lokal tilkomstveg</b>	Fv 2484 Rønsvegen Fv 2484 Slidrevegen Fv 2490 Rogndokkvegen Fv 2512 Haugrudvegen Fv 2514 Nordabergs vegen	IV - Lite streng haldning	15 m

For dei kommunale vegar er det ei generell byggegrænse på 15 meter frå senterline.



Ingen nye vegar skal planleggast og byggast med gjennomsnittleg stigningsforhold brattare enn 1:10, og ingen enkeltstrekk skal vere brattare enn 1:8. Unntak er stikkveggar inn på tomt.

### **1.5 Byggje- og anleggstiltak mot vassdrag (pbl § og 11-11 nr. 5)**

Om ikkje anna er bestemt i godkjend reguleringsplan er det ikkje tillate med byggje- og anleggstiltak nærare større vassdrag enn 30 meter. For hytter/tilhøyrande bygg gjeld ein generell regel om at dei ikkje skal først opp nærare vassdrag enn 50 meter.

### **1.6 Universell utforming og krav til tilgjenge (pbl § 11-9 nr. 5)**

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved nybygging, rehabilitering og ombygging skal det bli vektlagt at alle bustader, offentlege bygg, næringsbygg, fellesområde og uteareal kan bli nytta av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for seinare tilpassing eller spesiell utforming. Planar og tiltak skal byggje på prinsippa om universell utforming i samsvar med tilrådde løysingar i forskrifter og rettleiingar.

### **1.7 Leike-, ute- og opphaldsareal (pbl § 11-9 nr.5)**

Ved utarbeiding av større reguleringsplanar i område til bustader skal det bli sett av felles uteopphaldsplassar på minimum 25 m<sup>2</sup> pr. bueining i nærleiken av bustadene, med mindre det er offentleg tilrettelagde leikeplasser i nærleik.

### **1.8 Tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett (pbl § 11-9 nr. 3 og 18-1)**

Alle bygningar, inkludert fritidsbustader, kan krevjast tilkobla til offentleg vatn- og avlaupsnett. Vil dette føre med seg urimeleg store kostnader eller andre særskilde omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne andre ordningar.

Nyttas det andre ordningar utanom offentleg VA, skal det i utgangspunktet nyttast felles løysingar for avløp. Enkeltanlegg i form av minirensanlegg er ikkje tillate.

For eksisterande hytteiningar utan godkjent utsleppsløyve, skal det nyttast biologisk toalett eller forbrenningstolett.

### **1.9 Støysoner**

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2012) skal leggjast til grunn ved behandling av tiltak nær støykjelder. Støyfølsame tiltak som bustader og fritidsbustader skal ikkje bli lokalisert innafør raud støysoner. Ved tiltak innafør gul støysoner skal det gjennomførast støyberekningar som synleggjer støynivå inne og ute ved fasadar og uteareal. Utgreiinga skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane blir overskride.

## **1.10 Omsyn til eksisterande bygningar, kulturminner og kulturmiljø**

### **1.10.1 Eksisterande bygningar**

All bygging skal bli vurdert ut frå eksisterande bygningar og området. Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad bli teke i vare som bruksressursar og bli satt i stand, jf. pbl § 11-9 nr. 7.

*Søknader om dispensasjon eller byggjeløyve i saker som gjeld bygningar oppført før 1900 (Sefrak-bygg) skal sendast innlandet fylkeskommune ved fageining for kulturarv til fråsegn.*

### **1.10.3 Tiltak som ikkje er avklart i reguleringsplan**

Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplan skal føreleggast kulturminnemyndighetene til uttale, jf. kulturminnelova § 8 første ledd og § 9, enten det gjeld byggesaker, dispensasjonssaker eller i samband med konsesjonsbehandling.



#### 1.10.4 Byggverk eller anlegg som er oppført før 1850

Søknad om riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg oppført før 1850 skal sendast over til kulturminnemyndigheitene, jf. kulturminnelova § 25.

#### 1.11 Kulturminner

Dersom det i forbindelse med tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminnet eller deira sikringszone på 5 meter jfr lov om kulturminne §8. Melding skal straks sendast kulturminnestyresmaktane i Innlandet, slik at vernemyndigheitene kan gjennomføre ein synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle tilknytt vilkår.

## 2. Bygningar og anlegg (pbl §§ 11-9 og 11-10)

### 2.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1)

For større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlig verknader for miljø og samfunn er det krav om reguleringsplan, jf. pbl §12-1, 2. og 3. ledd.

I område sett av til fremtidig bygg og anlegg kan tiltak etter pbl § 1-6 og § 20-1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12.

#### 2.1.1 Unntak frå plankrav

I område sett av til eksisterande byggeområde for fritidsbustad, bustad og råstoff-utvinning (masseuttak) kan tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a,b,c,d,e,f,h,i,j,k,l gjennomførast utan krav om reguleringsplan/dispensasjon (pbl kap 19). Tiltak på andre eksisterande byggeområde krev reguleringsplan.

Bruksendring av eksisterande bygningsmasse til formål som samsvarar med vedteken arealbruk er unntatte frå plankravet, men skal behandlast som dispensasjon (pbl kap 19).

### 2.2 Utbyggingsvolum og estetikk (pbl §§ 11-9 nr. 5 og 6)

Utnyttingsgrad blir rekna i %-BYA i samsvar med teknisk forskrift til pbl med rettleiar . Parkeringsplassar i samsvar med gjeldande norm blir rekna som BYA.

#### Generelt om bustad/fritidsbustad:

- Maksimal mønehøgde er 8 meter for bustader og 5,2 meter for hytter generelt/5,6 på Vaset (sør for Haugrudvegen på private teigar). Andre fritidsbygg (anneks, garasje, uthus mv.) kan ha maksimal mønehøgde 4,5 meter. Dette skal målast frå gjennomsnittleg planert terreng. Gesimshøgde for hytter/anneks er sett til 3,0 m over topp grunnmur.
- For byggjegranser for tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for bustader og hytter mot vassdrag, sjå punkt 1.5.
- Tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for bustadar eller fritidsbustad er ikkje tillate nærare privat veg, gangveg, sti (allment brukt) eller hovud-skiløype enn 10 meter. Avstanden skal målast frå vegen-/sti-/løypas midtlinje. (Sjå òg punkt 1.4 for byggjegranser til vegar av høgare funksjonsklasse).
- Tiltaket skal vere tilstrekkeleg sikra mot fare. Føresegner og retningslinjer knytt til utgreiing av risiko og fare i nye planar skal også leggjast til grunn for tiltak som er unntatte plankrav.
- Tiltaket må ikkje råka freda kulturminne.



### 2.2.1 Parkering

Kvar biloppstillingsplass skal minimum vere 18 m<sup>2</sup>. Tabell 2 definerer kravet til biloppstillingsplassar pr. eining.

**Tabell 2:** Krav til talet på biloppstillingsplassar pr. eining.

Biloppstillingsplassar	
<b>Bustader</b>	2 pr. eining
<b>Fritidsbustad med tilkomstveg</b>	2 pr. eining
<b>Hotell og overnattingsstad</b>	0,5 pr. gjesterom
<b>Serveringsstader</b>	1,0 pr. 15 m <sup>2</sup> bruksareal
<b>Leilegheitsbygg</b>	1,5 pr. leilegheit

### 2.2.2 Bruksendring

Bruksendring frå bustad til fritidsbustad er ikkje tillate, med mindre det er i tråd med vedteke arealformål.

### 2.2.3 Fritidsbustader-føresegner for fritidsbustader utanom regulerte område

Desse føresegnene gjeld for eksisterande (bebygde og ubebygde) fritidsbustader utanom regulerte område. Desse føresegna skal og vere retningsgivande når nye reguleringsplanar for fritidsbustader skal utarbeidast.

#### 2.2.3.1 Utnyttingsgrad og bygningsvolum

##### 2.2.3.1-1 Utnyttingsgrad:

Alle fritids-eigedommar i Vestfjellet, utanom i Statsalmenninga, som ligg nordvest for stølsveg (Haugrudvegen) til Trøllhøvd (mot Syndin), samt resten av kommunen:

Utnyttingsgraden for areal avsett til byggeområda - fritidsbustad vert sett til maksimalt BYA = 15 % for alle tomter. Ingen tomter kan utnyttast meir enn totalt BYA = 186 m<sup>2</sup>, der hovudhytte ikkje skal overstige BYA = 120 m<sup>2</sup>. I berekna utnytting skal det inkluderast 36 m<sup>2</sup> til utendørs parkering. På kvar hyttetomt kan det kun førast opp ei hytte med ei brukseining. I tillegg til hytta kan det oppførast to mindre bygg (anneks/uthus/garasje), totalt tre bygg. Ingen av desse andre bygga skal være over 36 m<sup>2</sup>.BYA. Bygga skal plasseres i tunform med maksimal innbyrdes avstand på 12 meter (gjelder spesielt i forhold til hytte/anneks), og tilpassas terrengforholda på tomta.

**Bestemmelsesområde 1:** Alle fritids-eigedommar i Vestfjellet som ligg søraust for stølsveg (Haugrudvegen) til Trøllhøvd (mot Vaset):

Utnyttingsgraden for areal avsett til byggeområda - fritidsbustad vert sett til maksimalt BYA = 15 % for alle tomter. Ingen tomter kan utnyttast meir enn totalt BYA = 216 m<sup>2</sup>. I berekna utnytting skal det inkluderast 36 m<sup>2</sup> til utendørs parkering. På kvar hyttetomt kan det kun førast opp ei hytte med ei brukseining. I tillegg til hytta kan det oppførast to mindre bygg (anneks/uthus/garasje), totalt tre bygg. Ingen av desse andre bygga skal være over 40 m<sup>2</sup> BYA. Bygga skal plasseras i tunform med maksimal innbyrdes avstand på 12 meter (gjelder spesielt i forhold til hytte/anneks), og tilpassas terrengforholda på tomta.

**Bestemmelsesområde 2:** Alle fritids-eigedommar som ligg i Vestre Slidre statsallmenning (utanom Vaset):

Utnyttingsgraden for areal avsett til byggeområda - fritidsbustad vert sett til maksimalt BYA = 136 m<sup>2</sup>. I berekna utnytting skal det inkluderast 36 m<sup>2</sup> til utendørs parkering. På kvar hyttetomt kan det kun førast opp ei hytte med ei brukseining. I tillegg til hytta kan det oppførast to mindre bygg (anneks/uthus/garasje), totalt tre bygg. Ingen av disse andre bygga skal være over 36 m<sup>2</sup> BYA. Bygga skal plasseres i tunform med maksimal innbyrdes avstand på 12 meter (gjelder spesielt i forhold til hytte/anneks), og tilpassas terrengforholda på tomta.



### 2.2.3.1-2 Utforming/krav til bygg

- Bygninger skal ha saltak med takvinkel mellom 22° og 30°.
- Taktekinga skal være torv, tre, eller skifer. For eksisterende hytter med shingel/andre tekkematerialer på hovedhytta, kan dette fortsatt brukes ved vedlikehold på hytta, samt på eventuelle nye uthus/anneks/garasje. Alle bygg på samme tomt skal ha same takvinkel og tekkemateriale. Hovedmøneretning på hytta skal ligge tilnærma parallelt med terrenkotene.
- Bygningene skal være tømra eller ha utvendig kledning i tre. Mindre deler av fasadene kan forblendes med skifer, eller annen naturstein.
- Refleksfritt glass skal nyttes på glassflater større enn 2 m<sup>2</sup>.
- Fargekart for alle bygg ligg som vedlegg, og bestemmelsen for farger gjeld og for vindskier, tak og grunnmur.
- Byggegrenser: Bygg med rom for varig opphold har generelt 4 meter byggegrense, men garasje/bod/uthus med BYA inntil 36/40 m<sup>2</sup> kan oppførast inntil 2,0 m frå eiendoms grense
- Ved oppsetting av parabolantenne, skal antenna plasseres lavere enn mønet og ha samme farge som hytta.
- Flaggstenger/portaler er ikke tillatt. Portstolper skal ikkje være høgare enn 2 meter over vegbanen.
- Oppføring av gjerde er ikke tillatt. Kommunen kan likevel godkjenne søknad om oppføring av gjerde med inngjerdet areal på inntil 500 m<sup>2</sup>. Disse 500 m<sup>2</sup> kommer i tillegg til tillatt utnyttingsgrad for bygg på tomte slik det er beskrevet i § pkt 2.2.3.1. Dispensasjoner mv. som gir økt utnytting på bygg, vil ikke få innvirkning på tillatt inngjerdet areal. Ved oppføring av gjerde skal det etableres tregjerde med utadslående grind, med høyde mellom 1,0 og 1,2 meter. Gjerdet skal settes minimum 2 meter frå tomtegrense for å sikre fri passasje. Trådgjerde/strømtråd eller piggråd er ikke tillatt. Alle gjerder skal vedlikeholdes normalt, og dersom et gjerde utgjør fare for beitedyr/vilt, kan kommunen kreve det fjerna.
- Privatiserende tiltak som stabbesteiner nær tomtegrense, planering av uteareal og andre tiltak (oppramsing er ikke uttømmende) som kan avgrense ferdsel gjennom området/tomtene er ikke tillatt.
- Ekstra parkering for gjester forutsettes på eigen tomt. Lagring og plassering av bobiler og campingvogner er forbudt etter at hovedhytta er tatt i bruk.

### 2.2.3.1-3 Krav til terrenginngrep

- For tomter der hellingsgraden på det opprinnelige terrenget er mellom 1:4 og 1:6, skal bredde på hytta ikke være over 8.0 meter, målt ved grunnmur. Det skal ikkje etablerast bygg med ytterkant meir enn 4 meter ut frå opphavleg terreng målt ved grunnmur. Helling på opprinnelig terreng skal dokumenteres på byggesøknad.
- For tomter der hellingsgraden på det opprinnelige terrenget er mellom 1:4 og 1:6, skal det ikkje fyllas lengre ut enn 7 meter horisontalt ut frå opphavleg terreng målt ved grunnmur. Horisontal utfylling skal uansett ikkje medføre terrengendring på meir enn 2 meter målt vertikalt, i så fall må horisontal utfylling reduseres, jfr. vedlagt illustrasjon i retningslinjer. Helling på opprinnelig terreng skal dokumenteres på byggesøknad.
- For tomter som inngår i punkt om bratt terreng (mellom 1:4 og 1:6), skal maksimal mønehøgde over gjennomsnittleg planert terreng ikkje overstige 4,5 meter for hovedhytta.
- Utebelysning er ikke tillatt, unntatt funksjonell inngangsbelysning. Ingen emmitterende (lysende) overflater skal synes. Lyskilden skal avblendes nedover av en reflektor eller av selve armaturen som da må bestå av et opakt materiale (ikke transparent). Som styring av



utebelysningen skal brukes timer, ikke bevegelsessensor. For belysning av annet enn funksjonell inngangsbelysning kreves søknad om byggetillatelse.

- Synlig grunnmur skal ikke overstige 0,5 meter, men kravet om maksimalt synlig grunnmur gjelder ikke ved eventuell utgangsdør i underetasje.
- Ved søknad/melding om tiltak, skal det medsendes situasjonskart som viser planlagte og aktuelle framtidige byggetiltak; kartet skal være i målestokk 1:500 eller større. Det skal dessuten leverast med snittegninger som viser eksisterende og nytt terreng. Fyllinger og skjæringer skal målsettes både i plan og snitt.
- Det er ikke tillatt bare å fylle opp skrånende tomter, det skal være tilnærma massebalanse i tverrsnittet.
- Mest mulig av den eksisterende vegetasjonen bør ivaretaast.
- Dersom det skal bygges på godkjente tomter med helning brattere enn 1:4 kreves søknad om dispensasjon.

#### 2.2.3.4 Bruksendring

Fritidsbustader som ligg i nærleiken av eksisterande busetnad kan bli varig eller midlertidig bruksendra til bustad gjennom dispensasjonsbehandling under føresetnad av at fylgjande krav er oppfylt:

- Avkøyringsløyve frå offentleg veg eller løyve til utvida bruk.
- Etablering eller utbetring av eksisterande veg fram til fritidsbustaden skal ikkje leggje beslag på dyrka eller dyrkbar mark. Etablering av veg i LNFR-område er søknadspliktig både etter plan- og bygningslova og jordlova (omdisponering).
- Fritidsbustaden kan bli tilkopla offentleg vatn og avlaupsnett eller utslippsløyve for separat avlaupsanlegg tilpassa heilårsbustad kan bli gjeve. Vatn og avlaup skal vere sikra i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Fritidsbustaden skal ikkje vere lokalisert i område med byggjeforbod langs vassdrag på 50 m.
- Fritidsbustaden skal ikkje vere lokalisert i område med viktige naturtypar, artar eller kulturminne.
- Fritidsbustaden skal ligge utafør kartlagde støysoner, jf. Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging; T-1442 (2012).
- Anna relevante krav frå forskrifter og lovverk, herunder teknisk forskrift (TEK 17).

#### 2.2.3.5 Frådeling

Ved frådeling av ny tomt rundt eksisterande fritidsbustad (uendra bruk) eller av tilleggsareal til eksisterande fritidseigedom, skal totalt tomteareal normalt ikkje overstige 2 daa.

Tidlegare frådelte tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterlegare. Dette sjølv om det skulle vere oppført meir enn ei hovud-hytte på eigdommen. Anneks blir sett på som ein del av hytta og kan ikkje delast frå. Ubebygde tilleggsareal for fritidsbustad skal samanføyast saman med hovudtomta før tilleggsarealet kan bebyggast. Omdisponering av bustadhus til fritidsbustad er ikkje tillate.

#### 2.2.3.6 Fortetting i områder for fritidsbustader

Ved fortetting med nye hytter og tilbygg bør det bli teke vesentleg omsyn til eksisterande utbyggingsstruktur, landskap, vassdrag og terreng. I planskildring til reguleringsplanen skal det bli gjort greie for korleis fortettinga er tilpassa andre omsyn, og korleis dialog med andre partar er gjennomført. Tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for fritidsbusetnad kan ikkje bli oppført nærare privat veg, gangveg, sti (alment nytta) eller hovud-skiløype enn 10 meter.

Av avsett byggeområde skal minst 30 % vere grøntareal/friluftsområde (i hovudsak mellom tomtene) ved fortetting/nye hytte-planar.



### **2.2.3.7 Fritids- og turistformål - campingplassar**

For spikartelt på campingplassane gjeld fylgjande:

- Ikkje breiare enn lengda på vogna og maks 2,5 meter bygg ut frå vogna.
- Tak over spikarteltet skal ikkje vere høgare enn vogna.
- Felles tak over både vogn og spikartelt skal ha pulttak og ikkje vera høgare enn det som trengst for å ha plass til vogna under.
- Avstand mellom vognene må vera i tråd med krav i gjeldande forskrifter.

### **2.2.4 Bustader – føresegner for bustader utanom regulerte område**

Desse føresegnene gjeld for eksisterande og nye bustader utanom regulerte område.

Desse føresegna skal og vere retningsgivande når nye reguleringsplanar for bustader skal utarbeidast.

#### **2.2.4.1 Utnyttingsrad og bygningsvolum**

Alle bustad-eigedommar:

Utnyttingsgraden for areal avsett til byggeområda - bustad vert sett til maksimalt BYA = 20 % for alle tomter. Ingen tomter kan utnyttas meir enn totalt BYA = 300 m<sup>2</sup>.

#### **2.2.5 Råstoffutvinning**

Uttak av mineralske råstoff utover eiga bruk, utviding av eksisterande masseuttak eller steinknusing i område sett av til råstoffutvinning kan ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan. Reguleringsplanen skal ha føresegner om omfang, uttaksretning, ev. etappevis drift og deponi, og istandsetjing.

Alle massetak med uttak over 500 m<sup>3</sup> skal meldast til Direktoratet for mineralforvaltning, som kan stille krav om driftsplan før uttaket blir satt i gang, jf. lov om erverv og utvinning av mineralressurser, av 19.6.2009 nr. 101 § 42. Alle massetak med eit samla uttak større enn 10 000 m<sup>3</sup> krev driftskonsesjon og driftsplan godkjent av direktoratet.

Massetak for bygging og vedlikehald av landbruksveggar kan bli behandla etter landbruksvegforskrifta.

For område som ikkje er sett av til råstoffutvinning på kommuneplankartet, men der det blir eller har vore drive råstoffutvinning, kan kommunen krevje godkjend reguleringsplan før drifta ( utvinning, steinknusing eller sortering) blir ført vidare eller teke opp att.

#### **2.2.6 Anna bebyggelse-Anlegg: Naust**

- Naust-1 skal nyttast til naust i angitt areal i Grunke. Punkt 4.5 angir utnytting for naust, og det kan kun først opp inntil 3 naust i denne planperioden gjennom vanleg byggesak.

#### **2.2.7 Kombinert bebyggelse og anlegg**

- Kombi-1 (tidlegare Røn Skule) skal nyttast til kombinert bustad/næring. Det krevst reguleringsplan før tiltak etter PBL § 20-1 kan iverksetjast

## **3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §§ 11-9 og 11-10)**

### **3.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1)**

For gjennomføring av større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlig verknader for miljø og samfunn, er det krav om reguleringsplan, jf. pbl § 12-1, 2. og 3. ledd.



I område sett av til nytt samferdsleanlegg kan tiltak nemnt i pbl § 1-6 og § 20-1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12. L lengd- og tverrprofil for vegen skal blir berekna i samband med reguleringsplan.

#### **4. Landbruks- natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR) (pbl § 11-11)**

I LNFR-område er arbeid og tiltak nemnt i pbl §§ 20-1 og 20-2 ikkje tillate, dersom dei ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette gjeld også frådelling til slike formål.

##### **4.1 Kantsoner langs vassdrag**

Langs vassdrag, med årssikker vassføring, skal det bli sikra og oppretthalde ei kantsoner med breidde 2 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. krav i Miljøplan for landbruket og vannressursloven § 11 første ledd. I sona skal ein oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr som òg motverkar avrenning. Ein kan skjytte kantsona, dersom ein tek omsyn òg sett igjen tre og buskar av forskjellig art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning av Fylkesmannen.

##### **4.2 Landbruksbygg**

Som landbruksbygg blir rekna våningshus, naudsynt kårustad, driftsbygningar, stølshus og skoghushvære. Driftsbygningar er bygningar som er naudsynte for drifta av tradisjonelt jordbruk (pbl § 20-2), anlegg for foredling av eigne produkt, seterhus og skoghushvære. Før overgang til anna bruk må det bli søkt om bruksendring. Det skal vera ei særskild vurdering av behovet for kårustad og skoghushvære før byggjeløyve blir gjeve, jf. jordlova.

Det er særskilte reglar for oppføring av landbruksbygg innafor omsynssynsone for utvalde kulturlandskap/stølsområde, jfr pkt 7.2

*Det blir ikkje tillate frådelling av kårustad som ligg på gardstunet.*

##### **4.3 Nye bustader i LNFR-område**

Nye bustadtomter i LNFR-område må handsamast som ein dispensasjon frå kommuneplan.

Føresetnad for å kunne godkjenne nye tomter er følgjande:

- Ikkje vere lokalisert i omsynssone langs vassdrag, jf. punkt 1.5.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssone for kulturminne eller skjemme automatisk freda kulturminne eller sikringssonene deira.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssone for bevaring av naturmiljø eller på annan måte råke område med utvalde naturtypar eller arter.
- Ligge utanfor kartlagde støysone, jf. Miljøverndepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging; T-1442 (2012).
- Ha løyve til avkøyrsløse frå offentleg veg.
- Det må tas omsyn til naturfare, særleg flaum, skred og overvatn, sjå punkt 6.2 og 6.3.
- Innafor maksimum 3 km avstand frå eksisterande skulebuss-rute, med heilårs veg, samt utanfor private bomvegar.
- For utnytting og krav til utforming gjeld planføresegn 2.2.2 – generelt og 2.2.4.

Avlaup skal bli kopla til kommunalt avlaupsreinseanlegg. Vil dette føre til urimeleg store kostnader eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei annen ordning i tråd med forureiningsforskrifta.

*Kommunen er positiv til å dispensere for å etablere bustader (deling og bygging) i LNFR områda i bygda.*



#### **4.4 Eksisterande byggeområde (bustad og fritidsbustad) som ikkje er definert som byggeområde, men ligg i LNFR-område:**

Alle nye søknadsppliktige byggjetiltak etter PBL § 20-1 for dei bustader/fritidsbustad-tomter som ikkje er definert som byggeområde, må handsamast som dispensasjon frå vedteken kommuneplan.

#### **4.5 Naust/brygge tilknytta gardsbruk**

I 30 meters beltet langs Slidrefjorden, Ferisfjorden, Strondafjorden samt Beito-Øyangen kan det førast opp naust/brygge utan dispensasjon med følgjande vilkår:

- Naust skal vere tilknytta gardsbruk med eigen strandline og fiskerett. Det kan oppførast kun eit naust per driftseining.
- Naust kan bygges med inntil 3,5 meters høye over gjennomsnittlig planert terreng, og inntil 25 m<sup>2</sup> BYA.
- Bygg skal vere uisolert, der vindauge vert avgrensa til eit minimum. Bygget skal flaumsikrast, slik at det tåler eventuell flaum utan skade.
- Det er ikkje tillate å føre opp pipe/ildsted i naustet.
- Byggverk/brygge skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne, råke viktige område for naturmangfald eller negativt påverke moglegheit for friluftsliv/allmenn ferdsle langs vassdrag. - Kulturminne-styresmaktene og miljøvern-styresmaktene skal varslast ved vanleg nabovarsel.
- Det kan førast opp inntil 15 naust i denne planperioden som arealdelen gjeld for.

#### **4.6 Landbrukstilknytta næring**

I LNFR-områda er det opna for etablering av næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Statlege rettleiare, garden som ressurs eller etterfølgende veiledere skal bli lagt til grunn ved vurdering av om tiltak er å sjå som næringsverksemd knytt til landbruket.

#### **4.7 Punktbeste i Vestre Slidre statsallmenning**

Innafor G/Bnr 94/1 er alle punktbeste definert som maks 1000 m<sup>2</sup>, og ved seinare oppmåling av eksisterande tomter skal oppmålt areal ikkje overstige 1000 m<sup>2</sup>. Det krevst ingen dispensasjon av oppmåling av eksisterande punktbeste (føreset uendra arealbruk), så lenge følgjande er oppfylt:

1. arealet ikkje overstig 1000 m<sup>2</sup>
2. ikkje ligg på dyrka mark
3. Det ikkje føreligg naboklage på innmålt areal
4. Ikkje omfattar kjende kulturminne/vesentlege naturverdiar

Så lenge oppmålt tomt ikkje går inn i areal som omfattes av ras/skred/kulturminne/buffer mot vann og vassdrag vil den oppmålte tomta definerast som byggeområde-fritidsbustad.

### **5. Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §§ 11-9 og 11-11)**

#### **5.1. Miljøkvalitet i vassdrag**

Alle vassdrag skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskrifta), av 15.12.2006 nr. 1446, § 4. Dei vassdraga som er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, til dømes dei kraftig regulerte, skal minst ha godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand, jf. vannforskrifta § 5. Dette vil oppretthalde vatnet som ressurs både for folk, planter og dyr.



## 5.2 Forbud mot og vilkår for tiltak i vassdrag

Utfylling, grusuttak og andre inngrep som endrar dei økologiske og/eller fysiske forholda i og langs vassdrag og i område som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, som sidebekker, kantsona etc., er ikkje tillate utan dispensasjon frå Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova), av 24.11.2000 nr. 82, og/eller Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., av 15.5.1992 nr. 47.

Anleggsarbeid som medfører slam og transport av finstoff i elv, bekk og vassdrag med storaure skal som hovudregel bli utført i perioden 15. juni til 15. september (dette for ikkje å hindre aure på gytevandring og rogn og yngel i sedimenta). I samband med kryssing av mindre bekker og elver skal kulvertar, stikkrenner og andre konstruksjonar bli etablert så raskt som mogleg, slik at perioden med transport av slam og finstoff i vassdraget blir kortast mogleg. Dei skal òg utformast slik at dei ikkje blir vandringshinder for fisk.

## 5.3 Forbud mot og vilkår for tiltak i strandsone

Privatiserande tiltak som t.d. isolering /innsetjing av vindauge/veranda på eksisterande naust/andre bygg i strandsona (oppramsing er ikkje uttømmende) er ikkje tillate utan dispensasjon jfr pbl kap 19.

## 5.4 Verna vassdrag

Midtre Syndin, Heggefjorden og Strøstjedn har varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II. Dette gjeld der anna ikkje er bestemt i godkjend reguleringsplan.

# 6. Forhold som skal bli avklara i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)

## 6.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar for utbyggingsformål skal det bli gjennomført ROS-analyse, jf. pbl § 4-3. ROS-analysen skal avdekke og dokumentere eventuelle risiko- og sårbarheitsforhold som ikkje er avklart på overordna plannivå. Avbøtande tiltak skal inngå i ROS-analysen. Aktuelle avbøtande tiltak skal vere gjennomført før det blir gjeve løyve til utbygging.

## 6.2 Flaum og skred

- Det blir ikkje gjeve løyve til bygging langs vassdrag før det er dokumentert at området ikkje er utsett for flaumfare.
- Minimum 20 meter på kvar side av bekker med årssikker vassføring (over 3 m breidde) og elver er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje bli brukt til utbyggingsformål. Eventuell utbygging krev dipsensasjonssøknad på bakgrunn av faglig utredning.
- All verksemd i skredutsette område skal ta omsyn til risiko for skred/ras. Det blir synt til temakart med aktsemd og reelle faresoner for ras- og skredfare, jf. pbl §11-8, 3. ledd bokstav a (sjå òg punkt 7.1.2.).
- Krav til sikkerheit i TEK 17 § 7-2 og 7-3 skal vere dokumentert og ivareteke før bygging kan starte.
- Naudsynte sikringstiltak mot flaum og skred må inngå i reguleringsplan der dette kan bli aktuelt.
- Naudsynte sikringstiltak mot flaum, skred og flaumskred skal vere ferdigstilt før utbygging av området blir sett i gang.



### 6.3 Overvatn

Ved ny busetnad og/eller større ombygging/rehabilitering (fortetting eller nye område) gjeld fylgjande, jf. TEK 17 § 15-8:

- Overvatn skal bli handtert lokalt, dvs. på eigen grunn ved tretrinnsmodellen infiltrasjon, fordrøyning og trygg avledning.
- Ved fortetting, nye busetnadsområde, gater/veger, eller endringar av eksisterande forhold skal handtering av overvatn bli gjeve ekstra merksemd. Bruk av gater/veger/ P-plassar/grøntanlegg/overflatebasseng til fordrøyning på overflate skal bli utgreidd. Det må bli vurdert evakueringslaup (vassveger) på overflata slik at vatnet i ekstreme situasjonar kan bli leidd vidare utan at skade oppstår.

### 6.4 Grunnforureining

I område med forureina grunn eller fare for forureining av grunnen skal *Forskrift om begrensning av forureining* bli lagt til grunn for all plan- og byggesaksbehandling.

### 6.5 Potensielle drikkevasskjelder

For utbyggingsområde i nedbørsfeltet til drikkevasskjelder/ registrerte grunnvassførekomstar blir det kravd dokumentasjon av samla belastning på vassdraget i samband med val av avlaupsløysing. Områda ligg som sikringsone – område for grunnvannsforsyning kring Langødding (DV-2) og Holden (DV-1).

### 6.6 Naturmangfald

Naturmangfaldloven, lov av 19.6.2009 nr. 100, kapittel 2, gjer reglar om berekraftig bruk av naturmangfaldet. Lova § 7 seier at prinsippa i paragrafane 8 til 12 skal liggje til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal gå fram av avgjerda. Kunnskapsgrunnlaget er viktig for ei avgjerd, jf § 8. Er det ikkje godt nok, seier «føre-var-prinsippet» skal ein unngå skade på naturmangfaldet, jf § 9. I vurderinga skal òg menneskets samla belastning på økosystemet inngå, jf § 10.

Der konsekvensutgreiingar syner tvil om datagrunnlaget for naturmangfald er godt nok, blir det kravd kartlegging i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

### 6.7 Andre krav

For utbyggingsområde i eksponerte lisider blir det kravd føresegner til bl.a. terrengtilpassing, utforming og farge- og materialbruk. I tillegg bli det kravd eigne geotekniske vurderingar med omsyn til risiko- og sårbarheit. Større stiar/skiløyper som blir råka av utbygging skal bli ivareteke, alternativt skal ein sikra omlegging eller at ferdsle blir ivareteke på anna måte.

## 7. Omsyns- og bandleggingsoner (pbl § 11-8)

### 7.1 Sikring-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a)

#### 7.1.1 Støysoner

Støyømfintlege tiltak som bustader og fritidsbustader skal ikkje bli lokalisert innafør kartlagt raud støysoner.

Ved tiltak innafør gul støysoner skal det gjennomførast støyberekningar som viser støynivå inne og ute ved byggjet sine fasadar og uteareal. Utgreiinga skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane i T-1442 (2012) blir overskride.



### 7.1.2 Ras-, flaum- og skredfare

Temakart for jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang er utarbeidd i forbindelse med kommuneplanarbeidet. Aktsemdsoner for snøskred og steinsprang er utarbeidd av NVE i samsvar med [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) (pr. juni 2019). Kartlegging av reell fare frå fagkyndige kan frigjere område omfattende av aktsemdområda. Tiltakshavar er ansvarleg for dette i samband med reguleringsplan.

#### 7.1.2.1 Flaum

Det er krav om fagleg vurdering for godkjenning av tiltak gjennom reguleringsplan eller byggjesak for tiltak som ligg i kartlagde flaumsonar. Tiltak må vere sikra i samsvar med gjeldande sikringsklasse, jf. TEK 17 (for bustader og fritidsbustader gjeld dette 200-årsflaum). Der det ikkje ligg føre flaumvurdering må tiltakshavar gjennomføre dette for alle byggjetiltak nærare vassdrag enn 20 m.

### 7.1.3 Skytebane

Innafor omsynssonene er det ikkje tillate med tiltak som kan koma i konflikt med omsyn til støy, fare og sikkerheit. Eventuelle tiltak må utgreiast med omsyn til støy, fare og sikkerheit.

### 7.1.4 Høgspenningsanlegg

Ved planar om nye bygg nær kraftleidningar eller ved etablering av nye kraftleidningar nær eksisterande busetnad skal fareområde omkring høgspenningslinjer blir berekna og dokumentert. Ved ny eller endring av eksisterande busetnad i omsynssona skal det bli lagt fram berekna styrke på elektromagnetisk felt. Dersom magnetfelt overstig 0,4 mikrotlesla skal det bli utgreidd tiltak for å redusere nivået. Nye bustader, skular, barnehagar og lekeplasser skal ikkje overskride grensa på 0,4 mikrotlesla.

### 7.1.5 Forureina grunn

Område med forureina grunn eller fare for forureining av grunnen skal *forureiningsforskrifta* bli lagt til grunn for all plan- og byggjesaksbehandling. Før det kan bli sett i verk tiltak i grunnen eller bli gjennomført terrenginngrep, skal det i bli utarbeidd tiltaksplan, jf. Forureiningsforskrifta. Tiltaksplanen skal vere godkjent før tiltaket blir sett i verk.

## 7.2 Soner med særlege omsyn (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c)

### 7.2.1 Område med særleg verdifullt kulturlandskap – stølsområder utanom Vestre Slidre statsallmenning

I desse område skal det bli førd ein streng dispensasjonspraksis. Byggje- og anleggstilltak som har direkte samband med næringa er tillate. Områdene er angitt med koden 570 (bevaring – kulturmiljø) i kartet.

Reglar for utnytting som gjeld for Vestre Slidre statsallmenning skal gjelde her for fritidsbustader, samt sælet på dei stølar som ligg inne i dette området. Vidare gjeld og generelle reglar for byggeområde/utforming samt terrenginngrep for hytter/sæl.

#### 7.2.1.1 Stølsvidda – utvald kulturlandskap/Vestre Slidre statsallmenning

Stølsvidda- utvald kulturlandskap/Vestre Slidre statsallmenning utanom Vaset: I desse område skal det bli førd ein streng dispensasjonspraksis. Byggje- og anleggstilltak som har direkte samband med næringa er tillate.

Reglar for utnytting av fritidsbustader skal og gjelde for sælet på dei stølar som ligg inne i området. Vidare gjeld og generelle reglar for byggeområde/utforming samt terrenginngrep for hytter/sæl. Områdene er angitt med koden 570-1 i kartet.



### 7.2.3 Kulturmiljø

#### 7.2.3.4 Område med særleg verdifullt kulturmiljø

Tabell 5 synar utvalde områda med særleg verdifulle kulturmiljø.

**Tabell 5:** Områda med særleg verdifulle kulturmiljø.

Kode i kartet	Kulturmiljø
H570_1	Utvalde kulturlandskap_Vestre Slidre statsallmenning
H570_2	Intakt stølslandskap_Kvislasyndin
H570_3	Gardberg feltet
H570_4	Referanseområde for kulturminner_statsallmenninga

*Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet blir oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.*

*For området som er markert med omsynssone skal alle tiltak planleggjast og vurderast ut frå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det blir avgjort om det omsøkte tiltaket kan gjennomførast, og kva for vilkår som evt. skal stillast til lokalisering og utforming.*

*Referanseområdet-kulturminner gjev kvalitativ og kvantitativ representasjon av spor etter jernproduksjon i eit heilskepeleg areal der dette kan opplevast i eit naturleg miljø. Med eit slikt avsett referanseområde foventar ein at det vert lettare å få vurdert/innvilga dispensasjon i godkjende byggeområde for kulturminne knytt til jernproduksjon.*

## 7.3 Soner for bandlegging (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d)

### 7.3.1 Bandlegging etter lov om naturvern

Innafor bandlagde område er det ikkje tillate å setja i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet.

Område freda etter den gamle naturvernlova eller kongeleg resolusjon er markert på plankartet (sjå tabell 6). Eigne fredingsforskrifter gjeld for desse områda.

**Tabell 6:** Område freda etter naturvernlova eller kongeleg resolusjon (med kode som vist i plankartet).

Kode i kartet	Verneområde
H720_1	Øynad'n naturreservat (verna etter lov om naturvern i 1981)
H720_2	Lomendeltaet fuglefredingsområde (fuglane og fuglane sitt livsmiljø blei freda etter lov om naturvern i 1990)
H720_3	Øystre Slidreåne naturreservat

Søknad om tiltak i randsonane til område som er freda etter naturvernlova/naturmangfaldlova skal bli lagt fram for Fylkesmannen i Oppland.

### 7.3.2 Bandlegging etter lov om kulturminne

Alle kulturminner eldre enn 1537 med ei sikringssone på 5 m er automatisk freda. Alle tiltak som rårer slike kulturminne skal bli lagt fram for fageining for kulturarv i Oppland fylkeskommune for godkjenning. Tabell 7 synar utvalde bandlagde områder.

**Tabell 7:** Utvalde Bandlagde område/freda bygg i Vestre Slidre



Kode i kartet	Bandlagt område
H730_1	Lomen stavkyrkje
H730_2	Lomen Øvre og Nørre
H730_3	Stabbur på Nørre Jarstad
H730_4	Røn kyrkje
H730_5	Garden Raa med støl
H730_6	Øyar kapell
H730_7	Mo kyrkjeruin

#### Allereie ivaretake gjennom reguleringsplan

Middelalderkyrkjegard Slidredomen/stupul

### 7.4 Sone der gjeldande reguleringsplaner framleis skal gjelde (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav f)

#### 7.4.1 Gjeldande reguleringsplanar i vertikalnivå 2

Tabell 8 synar dei reguleringsplanane «på bakkenivå» (i vertikalnivå 2) som framleis skal gjelde. Evt fortetting av eksisterande reguleringsplanar som medfører vesentleg fleire nye einingar krev i utgangspunktet godkjent fortetting gjennom revisjon av kommuneplan.

**Tabell 8:** Reguleringsplanar i vertikalnivå 2 («på bakkenivå») som framleis skal gjelde (med kode som vist i plankartet).

PLANID	VEDTATT	HENSYNSONENAVN
0543B001	1998	H910_1B
0543B002	1999	H910_2B
0543B003	2000	H910_3B
0543B006	2004	H910_6B
0543B007	2004	H910_7B
0543B008	2006	H910_8B
0543B010	2005	H910_10B
0543R002	1976	H910_2
0543R003	1978	H910_3
0543R004-B	1978	H910_4
0543R005	1982	H910_5
0543R006	1985	H910_6
0543R014	1994	H910_14
0543R018	1997	H910_18
0543R019	1997	H910_19
0543R021	2009	H910_21
0543R025	1998	H910_25
0543R026	2005	H910_26
0543R028	1999	H910_28
0543R031	1999	H910_031
0543R033	1999	H910_33
0543R034	2001	H910_34



0543R035	2001	H910_35
0543R037	2001	H910_37
0543R038	2002	H910_38
0543R039	2002	H910_39
0543R041	2002	H910_41
0543R042	2002	H910_42
0543R043	2002	H910_43
0543R044	2005	H910_44
0543R045	2003	H910_45
0543R046	2003	H910_46
0543R047	2007	H910_47
0543R049	2005	H910_49
0543R050	2006	H910_50
0543R051	2007	H910_51
0543R052	2006	H910_52
0543R053	2006	H910_53
0543R054	2007	H910_54
0543R055	2006	H910_55
0543R056	2007	H910_56
0543R057	2008	H910_57
0543R058	2006	H910_58
0543R059	2008	H910_59
0543R060	2012	H910_60
0543R061	2012	H910_61
0543R062	2008	H910_62
0543R063	2007	H910_63
0543R064	2007	H910_64
0543R065	2009	H910_65
0543R066	2010	H910_66
0543R067	2005	H910_67
0543R068	2005	H910_68
0543R069	2007	H910_69
0543R070	2010	H910_70
0543R072	2007	H910_72
0543R073	2012	H910_73
0543R074	2009	H910_74
0543R075	2014	H910_75
0543R077	2012	H910_77
0543R078	2011	H910_78
0543R079	2010	H910_79
0543R080	2009	H910_80
0543R082	2012	H910_82
0543R083	2010	H910_83
0543R084	2012	H910_84
0543R085	2011	H910_85
0543R086	2011	H910_86
0543R087	2009	H910_87



0543R088	2013	H910_88
0543R089	2013	H910_89
0543R090	2013	H910_90
0543R092	2015	H910_92
0543R093	2013	H910_93
0543R094	2014	H910_94
0543R097	2018	H910_97
0543R098	2016	H910_98
0543R099	2018	H910_99
0543R100	2018	H910_100
0543R101	2014	H910_101
0543R104	2015	H910_104
0543R106	2018	H910_106
0543R109	2018	H910_109
0543R111	2016	H910_111
0543R114	2016	H910_114
0543R116	2017	H910_116
0543R123	2017	H910_123
0543R127	2018	H910_127
0543R128	2017	H910_128
0543R130	2019	H910_130

1. høring/off. ettersyn



## DEL 2: Retningslinjer for dispensasjonar

---

### I. Etablering av nye eigedomar til bustad og bygging av bustad på eksisterande bustadtomter i ubygd LNFR-område

Holdninga til dispensasjonar for nye bustadeigedomar i LNFR-område skal vere positiv så frem vilkår nemnd i pkt 4.4 er oppfylt:

### II. Etablering av nye eigedommar til fritidsbustad gjennom dispensasjon

- Negativ halding til frådeling av nye hyttetomter som ikkje er del av ein reguleringsplan
- Deling av eksisterande tomter til fritidsbustad med føremål å etablere fleire einingar har kommunen negativ haldning til. Unntaksvis kan deling vurderast som ein del av ein reguleringsplanprosess.

### III. Forskyving av byggeområde for fritidsbustad gjennom dispensasjon

- Større hyttetomter er avsett med 3 daa byggeområde (opptil 10 daa opphavleg tomt) og 5 daa byggeområde (over 10 daa opphavleg tomt). Eventuell forskyving av arrondering av areal skal kunne handsamast som forenkla dispensasjon, føreset at det ikkje påverker omsynssone/andre omsyn på ein meir negativ måte enn opphavleg plassering.

### IV. Oppdeling av gardsbruk

- Dersom det oppstår situasjonar med oppdeling og sal av landbrukseigedomar som ikkje lengre skal bestå som eigne driftseiningar, er kommunen positiv til ei omdisponering og frådeling av tunet til bustadeigedom. Stølar skal ikkje omdisponeras til hytter, men følgje vidare med til ny driftseining.

### V. Dispensasjonar i omsynsområde med særleg verdifullt kulturlandskap – stølsområder

- Særs restriktiv haldning til søknadar om disp som aukar tillatt storleik på bygningsmasse – gjeld total bygningsmasse for hytter og sæl for stølar.
- Positiv haldning til å flytte hytter som ligg inne på stølsjorde, men ny hytte-eigedom skal plasserast i nærleiken til stølslaget.
- Det krevst ingen dispensasjon for oppmåling av eksisterande punktfeste innafor Vestre Slidre statsallmenning (G/Bnr 94/1), så lenge arealet ikkje overstig 1 000 m<sup>2</sup>, ikkje ligg på dyrka mark og det ikkje føreligg naboklage på innmålt areal.

### VI. Vassdragsnære områder

Vassdragsnære områder er sjølve vassstrengen og kantsonen som skal sikre vegetasjonsbeltet og allmennhetens tilgang til ferdsel langs vassdraget (sjå òg Del 1 punkt 4.1). Hovudformålet med byggjeforbodssonene til vassdrag er å hindre forureining, sikre fri tilgang og bevare kantvegetasjon.



Ut i frå dette skal dispensasjonspraksisen vere streng for etablering av nye avlaupsanlegg for fritidseigendomar og ved rehabilitering eller etablering av nytt anlegg som erstatning for ulovlig etablerte anlegg.

## VII. Nye vegar og parkeringsplassar

Fleire fritidseigendomar har ikkje biltilkomst. Bygging av tilkomst/parkering i LNFR-område er i strid med planen, og slike saker må bli behandla som dispensasjonar. Følgjande føresetnader må vere oppfylte:

- Tiltaket skal ikkje bryte eksisterande langrennsløyper. Om dette kravet ikkje er imøtekome er det forventa at tiltakshavar bidreg til å finne løysing for kryssing, t.d. skibru eller kulvert.
- Tiltaket skal ikkje vere lokalisert i byggjeforbodssonene langs vassdrag, i 50-meterssonen til elver og bekker med kontinuerlig tilløp.
- Tiltaket skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne. Dersom det er kjend automatisk freda kulturminner i nærleiken, må plasseringa blir vurdert i forhold til nærmiljøet og søknaden bli sendt fageining kulturarv i Oppland fylkeskommune.
- Tiltaket skal ikkje råke viktige område for biologisk mangfald.
- Tiltaket skal ikkje gjere drifta av landbruksareala i området vanskelig
- Tiltaket skal vere eit fellestiltak som inneber at fleire eigendomar utan veg kan nåast.

## VIII. Mindre tiltak på vegnettet

Dersom fylgjande føresetnader er oppfylt, ynskjer kommunen å ha ei positiv innstilling til å gje dispensasjon ved etablering av busslommer og mindre utbetringar av vegnettet:

- Tiltaket skal ikkje vere lokalisert i byggjeforbodssonene langs vassdrag i 50-meterssona til elver og bekker med kontinuerlig tilløp.
- Tiltaket skal ikkje råke automatisk freda kulturminne og sikringssonene deira.
- Tiltaket skal ikkje råke viktige område for biologisk mangfald.



Vedlegg:

Fargekart

Fargene vil ikke framstå korrekt på grunn av skanning



NB! Fargekart legg kun til grunn type farge, ikkje produsent. Dette er berre meint som ein illustrasjon på kva fargetype som vert akseptert.



### Illustrasjon horisontal utfylling



1. høring